

Halling- lyom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 2/25

Innhald

Innholdsliste	side	3
Fyriord	side	4
Jubelbilde frå Eidfjord	side	5
Styret i Hallinglaget, valgt i 2025	side	5
Lagdansen vår i Eidfjord	side	6
Ny i Hallinglaget, sett innate	side	8
Kakebakarar i Hallinglaget	side	9
Ungdomen strøymer til laget	side	10
Arne Anderdal, spelemann	side	11
Stort helgekurs 1. - 2. november	side	12
Program for hausten	side	13
Hallingbu – dugnadstur 7. juni	side	14
Hallingbu – spikjikjøttur 11. juni	side	15
Hallingbu – dugnadstur 13. august	side	16
Nyhende i laget	side	17
Folk i farta – Alix Cordray	side	18
Folk i farta – Solfrid og Knut	side	18
Folk i farta – Svein Aasen	side	19
Infoside om Hallinglaget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Hallinglaget ynskjer alle velkomne til ein ny aktiv haust i Hallinglaget!

Eg håper alle finn noko av interesse i bladet vårt, det beskriv noko av det me driv på med, slik at me får dokumentert det for ettertida. Underteikna brenn for bladet, og setter veldig pris på alle bidrag som kjem inn. Det kom heldigvis inn nokre bra bidrag til dette bladet! Noko meir historisk stoff var planlagt i dette nummeret, men leiaren fekk ikkje tid til det – så det får kome i seinare lagsblad.

På mange måtar er det ved starten av hausten me startar opp med eit nytt år, nokre nye vil kome til og nokre har diverre flytta frå byen. Siste året har vore bra, med særst gode øvingar og med ei voldsom påmelding til Lagdansen på Landskappleiken i Eidfjord! Heile to fulle lag, det vil si 20 par med 40 dansarar, var på plass langt der borte i vest ein fredag i juni 2025 (27. juni). Hallinglaget har no ein fantastisk fin gjeng som kan danse. Meir info. seinare om lagdansen.

Planen for hausten er som alltid fine danseøvingar der med dansar med liv og lyst! Eit mål for hausten vil være det som mellom andre Else har skrive: å ta opp eit tema på øvingane, slik me har gjort tidligare, men uten at det tar heile fyrste økta. Det er viktig med fokus på musikken, takta og hva som gjør Hallingspringaren unik/spesiell og korleis den skiller seg frå andre bygdedansar. Veldig mange av oss danser i mange lag med ulike dansar, og viktigheten av å skille mellom dei ulike dansane kan være eit fint fokus, slik at ikke alt blir likere og likere, men å ha respekt for kvart dalføre, dansen og musikken...

Eg må også sende ein stor takk til dei skjeldent gode spelemennene/kvinnene me har til å spele for oss i Hallinglaget.

Folkemusikken og dansen står sterkt i Oslo, det er vel ingen stad i landet ein kan danse meir enn her, så følg med og få med deg dans og moro framover. Dans er sosialt og god trim for unge og eldre. Sett av helga alt no til vårt klassiske helgekurs i Hallingspringar helga 1. og 2. november. Sjå programmet vårt og registrer deg så du får info. tilsendt, eller følg med på Facebook.

Det har vore litt aktivitet på Hallingbu denne sommaren også, men alt for lite! Hallingbu, vår eigen hytte bærer preg av for lite vedlikehald gjennom mange år så utfordringane står i kø! Generelt har ikkje folk tid til å drive arbeid på Hallingbu om sommaren og det er då det må gjerast, Med eigen hytte så vil utfordringar kome, merk dykk at hytta vår er unik og ligg midt i storskogen. .

Si frå om du kjenner nokon som er interessert i hallingkultur, eller få dei med på ei øving... Eit artig innlegg i denne avisa er ei rettesnor for nye i Hallinglaget! (sjå side 8). Det er berre å bli med, og det gjer folk, det var vel nesten ti heilt nye på fyrste øvinga i haust ... Takk til alle som kjem på tilskipingane våre,

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

*Beste helsingar frå
Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*

Jubel i Eidfjord – «Etter Lagdansen!»



Hallinglaget jublar etter Lagdansen i Eidfjord 2025. Takk til Sindre i Reed Foto AS for ekstra bilde! Det er vel ingen i heile Noreg som har tatt bilete av fleire bunadskledde enn Reed Foto AS.



Nytt Styre i Hallinglaget valgt på Årsmøtet i 2025:

Frå ventre: Unni Johannessen, Gro Sissel Taraldrud, Else Mohn, Terje Grangård, Åsmund Fauske Jøtun og Ingrid Smette. «Styret sitter på scena i Halli».

Hallinglaget dansa Lagdans i Eidfjord – med to fulle Lag! - dvs. 20 par som er lik 40 dansarar !

Bilde av dei fleste som dansa Lagdans for Hallinglaget i Oslo i Eidfjord i 2025:



Fyrste rad frå venstre: Unni Johannessen, Silje Løstegaard, Antina Schäfer, Helen Engestad Kvalem, Rannveig Øygardslia, Tilia Hernes Paasche-Aasen, Elizabeth Svarstad, Sara- Elisabeth Smith-Ånesland, Else Mohn, Hedda Hernes.

Andre rad frå venstre: (Ane Thingstad gjest), Camilla Danielsen, Nina Losnedahl, Solbjørg Fridtun, Ane Ledang, Hallvard Øfstaas, Saimi Kortelainen, Åsmund Dahlin Johansen, Elisabeth Farstad, Hanna Skrindo, Ingrid Skrindo, Ingunn Vagstein og Anna Fridtun Aarekol.

Tredje rad frå venstre: Svein Aasen, Elias Vinje, Terje Grangård, Ånund Myhren, Vebjørn Jøtun Fauske og Anders Aasberg. (Ikkje heilt på linje, men eg håper at de skjønar det!).

Fjerde/bakre rad frå venstre: Åsmund Fauske Jøtun, Nikolay Bo Fisher Nilsen, Ulf-Arne Johannessen, Sverre Thorstensen, Knut Skrindo og Torgeir Hernes Johansen.

Totalt 34 stk.! – Hektisk under og etter Lagdans, desse kom ikkje med på bildet: Gjertrud Rastevold Rue, Eivind Killie, Vilma Eline Finvik Johnsen, Celine Marie Jensen, Kjetil Myhren og Andrea Søgne ... Det var synd, for alle desse er veldig fine ...

Referent Terje Grangård

HALLINGLAGET I OSLO – Landskappleiken i Eidfjord.

Lag 1: Spelemann Kjetil Meberg Myhren **Plass 30, 61 poeng!**

10 par dansa:

Åsmund Jøtun Fauske og Anna Fridtun Aarekol
Hallvard Øfstaas og Ane Ledang
Ånund Myhren og Sara-Elisabeth Smith-Ånesland
Eivind Killie og Gjertrud Raftevold Rue
Knut Skrindo og Camilla Danielsen
Vebjørn Jøtun Fauske og Solbjørg Fridtun
Celine Marie Jensen og Vilma Eline Finvik Johnsen
Sverre Thorstensen og Andrea Søgne
Åsmund Dahlin Johansen og Elisabeth Farstad
Unni Johannessen og Antina Schäfer

Lag 2: Spelemann Åsmund Fauske Jøtun **Plass 23, 68 poeng!**

10 par dansa:

Ulf Arne Johannessen og Elizabeth Svarstad
Nikolaj Bo Fischer Nilsen og Rannveig Øygardslia
Terje Grangård og Silje Løstegaard
Hanna Skrindo og Ingrid Skrindo
Anders Aasberg og Helen Engelstad Kvalem
Elias Vinje og Nina Losnedahl
Hedda Hernes og Tilia Hernes Paasche-Aasen
Torgeir Hernes Johansen og Else Mohn
Svein Aasen og Ingunn Vagstein
Kjetil Myhren og Saimi Kortelainen

Historisk poengoversikt på siste Landskappleikar:

2025 i Eidfjord: Lag 1 fekk 61 poeng og 30. plass. Lag 2 fekk 68 poeng og 23. plass.

2024 på Gol: **Lag 1 fekk 80 poeng og 8. plass!** Lag 2 fekk 69 poeng og 29 plass.

2023 i Lom: Laget med 10 par fekk 64 poeng og 27 plass.

2022 i Rjukan; Laget med 7 par fekk **78 poeng og 9 plass!** Her fekk eg godkjensla!

Terje Grangård

INNSETT ~~UTTATE~~ MARI KASLEGARD



Illustrasjon: Ingun Elida Wiken/ Hallingdølen

Overlevingsgaid for deg som er ny i Hallinglaget

Om ditt nye haustprosjekt er å lære å danse springar og du heldt denne pamfletten i handa, er du sannsynlegvis på rett veg. Her kjem eit par råd for vegen vidare.

Nytt semester er i gang og for mange kjennest nok hausten litt som det eigentlege nyttår. Tilbake til kvardagsrutinar, etablere sunne vaner og kanskje byrje med ein ny fritidssysse! Om dette for deg betyr å prøve ut folkedans, kan eg anbefale Hallinglaget på det varmaste. Her kjem fem bod frå ein nokså ny dansar for å overleve dei fyrste øvingane:

1. Ved fyrste oppmøte kan det vera fristande å ta med seg ein annan amatør for å ikkje vera åleine om å snuble i stega. Klamrar du deg til denne partnaren utover dei fire-fem fyrste låttane heldt du kanskje egoet intakt, men læringskurva blir ikkje særleg bratt. Kom difor åleine eller nekt kameraten din å danse med deg før de begge har lært litt av nokon som kan det.
2. Ikkje prøv å forsvinne i mengda av erfarne lagsfolk. Vis at du er ny, forvirra og hjelpelaus, så er det større sjansar for at nokon forbarmar seg over deg og byr på ein nybegynnardans. Elles kan du òg sølvsagt velje ei meir offensiv tilnærming, men det krev større tru på egne danseevner.
3. Om du har band til Hallingdal på eitt eller anna vis, ikkje legg skjul på det! Her er det mykje godvilje å vinne. Om du ikkje sjølv er halling men har nokre gode ord om dalen, duger det. Om du er ein god løgnar, funkar det òg.
4. Rundsnurren *skal* kjennes ut som negler mot ei krittavle dei ti første gongane. Her kan ein ikkje anna enn å stole på prosessen til det plutselig ein dag seier «klikk».
5. Hugs at Hallinglaget ikkje berre er ei dansegruppe; det er òg eit sosialt lag! Meld deg på helgekurs, bli med på folkemusikkpøb (sjølv om du må opp tidleg i morgon), og sei ja til det som skjer!

Hjarteleg velkommen og lykke til!

Nokre av kakebakarane vinter/vår 2025:



Det finst ikkje makjin te kakebakarane i Hallinglaget! Her er nokre av dei tatt bilde av: Frå venstre: Ingrid Løkken, Else Mohn, Unni Johannessen, Antina Schâfer, Anne Cathrine Johansen og Elizabeth Svarstad. Desse var ikkje til stades denne kvelden: Kari T. Sundt, Magnhild Mjør og Johnny Lund. Hallinglaget takker alle desse varmt! «Det er så fint med gode kaker!»



Døme på populære kaker i Hallinglaget!

«Gommokaku»

Oppskrift kan søkes opp på Internett ...

For dei som ikkje era hallinga frå øvre Hallingdal så betyr *gommo* = *bestemor* ...

Nytt i haust:

- *no har enno fleire meldt seg på kakebakarlista! Den er heilt fullteikna fram til Juleavslutninga!*

UNGDOMEN STRØYMER TIL HALLINGLAGET I OSLO SOM ALDRI FØR!

Det er nesten ikkje til å tru kor mykje ungdom som kjem på danseøvingane i Hallinglaget for tida. HIPPI, vil vel dei fleste seie. Men den gamle gode "fjøsstemninga" vert kanskje borte no når so mange folk fyller Halli i Nordal Brunsgate. Lukta av "fjøs", er ikkje like sterk lenger! Me som har gått i dette laget i ein del år, era vane med lite ungdom og få folk på øvingane, kanskje 10 til 15 stykk. Ein hard kjerne som trør springaren år etter år. Men no er det eit heilt anna oppmøte- me prate om over 40 stk. og mange era ungdomar og ferske dansarar. Dette er kjempemoro!

Eg undrar meg over denne voldsomme veksten. Kva i alle dagar er det som skjer i dette laget? Kor kjem alle desse ungdomane frå. Kva er det som får dei til å velgje akkurat Hallinglaget? Mange spørsmål svirrar rundt, men det ikkje like lett å fin svar.

Det kan vere ei flukt frå den digitale kvardagen med flimrande skjermar. Ein søkjen etter noko som er meir ekte og opprinnleg. Det er slik me menneskje har møttest gjennom alle tider. I dansen møter du ofte eit framandt menneskje ansikt til ansikt. Augekontakten og sveittande hud med pulserande blodårer, kjennes meir naturleg enn å sitje å skrolle på ein kald mobiltelefon i hønne. Dansen utfordrar oss på mange måtar. Du må klare å samspele med eit anna menneskje utan å kome for nær og trø patnaren på tænadn. Uff og uff! Då er eg redd at dansen over! Men det kan gå bra hvis du gjer det på ein sjarmerande måte. Kræsjdans er i vinden for tida.

Du må skjerpe det lyttande øyre og leite i musikken etter ein rytme som forhåpentlegvis skal koblast om i hjernen og ende med kropsrørsler som harmonerer med musikken og partnaren. Dette er ikkje enkelt! Her er det mange nerveceller som skal setjast i sving på ein gong. Dette er god mental trening. Ikkje så rart at ungdomen ser på Hallingspringaren som ein spanande utfordring og let seg rive med.

Men kvifor akkurat Hallinglaget? Det finns då så mange andre lag i tigerstaden som ungdomen kunne søkje seg til som t d Valdreslaget, Nummedalslaget, Telelaget for å nemne nokre. Desse laga har ikkje den same tilstrøyminga, så vidt eg veit, men kan by på mykje av det same som Hallinglaget. Du kan reise bakover i tid gjennom musikken og dansen for å leite etter røtene dine.

Kan forklaringa på den store tilstrøyminga av ungdom til Hallinglaget, vere å finne hjå fugleflokkane som samlast no på hausten for å setje kursen mot varmare land. Når ein av leiarane svingar av mot venstre, følgjer heile flokken etter. Kanskje er det Åsmund som dreg med seg heile flokken eller Uffe eller Mari eller kanskje Else, for den slags skuld. Menneskje er eit underleg flokkdyr og det er viktig for oss å vere inne i flokken. I Hallinglaget møter du flokken og kan kjenne på at du høyrer til. Det kjennes gødt og trygt i ein verden som kjennes meir og meir utrygg med krig og klimaendringar.

Om me ta ein snøggstur innom vår vakre dal, altså Hallingdal, er situasjonen ganske annleis enn i Oslo. Ungdomsbølga har diverre ikkje nådd folkemusikkmiljøet i Hallingdal. Sjølv etter at Landskappleiken var på Gol sommaren 2024, er rekrutteringa heller laber. Andrea Søggen sit no i ei prosjektstilling der ho skal prøve å dra i gang aktivitetar for ungdommen i dalen. I fyrste omgang er det planlagt folkedansesamlingar for 4.- 7. klasse i Hemsedal, Hol, Nesbyen og Gol. Me får tru at også ungdomen i Hallingdal etterkvart vil finne attende til røtadn sine. Hallingspringaren og lausen har lange tradisjonar i Hallingdal.

Olav Arne Løstegaard
frå Gol

Arne Anderdal

Spelemann på hardingfele og folkedansar

Som utøvarar på hardingfele har eg vekt på to ulike tradisjonar. Det starta i Hemsedal Spelemannslag, og basis i repertoaret er felespel frå Hallingdal. Har også innlemma noko repertoar frå trekkspeltradisjonen i dalen. Har sidan 1993 budd på Voss og har eit stort repertoar av tradisjonane her. Har vore musikalsk leiar i Voss Spelemannslag sidan 2000.



Arne er busett på Voss og arbeider på Ole Bull Akademiet med mange felt. Organisering og undervisning på kursverksemda her. Undervisninga inneheld både musikk og dans. Ole Bull Akademiet tilbyr eit 4 -årig bachelor-studie i utøvande tradisjonsmusikk. Har også mykje undervisning her. I tillegg har eg arkivfunksjon på akademiet.

Arne har vorte mykje nytta til å undervise på diverse kurs både i felespel og dans. Dette har vore både i festivalsamheng, men og i det organiserte lagsarbeidet.

Som utøvar kan difor både undervise i felespel og dans, samt spela på konsertar. I konsert-samheng har eg stor breidde med alt frå underhaldning på kurs, møte og underhaldning til konsertar på festivalar.

Arne Anderdal er A-klasse spelemann på hardingfele. Foto: Arne K. Mala



DEXTRA

Som takk for lånet av den gilde hardingfela frå Dextra spelar Arne gratis på Helgekurset vårt! Ein stor takk til Dextra og Arne som bidrar til Hallinglaget så me blir glade og takknemlege.

1. - 2. november: STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR - med Ulf-Arne Johannessen, Arne Anderdal og ei Dansejente!

Laurdag 1. november og Sondag 2. novmber, begge dagar frå kl. 12.00 - 16.00.

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør: Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar frå Ål som òg er Landskappleikvinnar i både springar og laus! I fjor vant han Dans Hardingfele A med to følgju, Ingunn og Margit Myhr! Og Hallinglaget er so heldig at Ulf-Arne er Danselaiar i laget! Takk til ham :)

Instruktør: Andrea Søggen, frå Gol, som vil syne oss jentedansen slik ho gjer den!

Andrea er veldig god til å danse og har vunne Landskappleiken på Langeleik! Ho er no engasjert i eit prosjekt i Hallingdal om dans og spel for ungdom.

Spelemann: Arne Anderdal, A-klasse spelemann frå Hemsedal som også er ein god dansar!

Sjå eigen beskriving av Arne på sida framom. Her blir det spel og dans!

*Gladmelding: **Dextra Musica støtter hallingspringarkurset vårt!***

Mat: Det blir ei god matpause, der Laget sine støtte-spelalarar vil sørge for dugurdsmaten.

Pris: Kr. 500,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Superpris for studentar og ungdom som vil danse kr. 300,- (under 23 år).

Påmelding: så snart som råd! Helst innan 27. oktober for planlegging av mat og anna.

Betaling kan gjerast ved oppmøte! Vipps eller kontant!

Melding/e-post til: grangard@online.no eller SMS til 482 04 652.

Meld dykk på og bli ein betre dansar! Ta gjerne med ein ven også ...



Ulf-Arne Johannessen frå Ål.



Arne Anderdal frå Hemsedal.

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2025

Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er danseøvingar desse onsdagane:

For meir info.: *Meld dykk på e-post-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!*

- 27. aug. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00-21:00.
- 10. sep. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00-21:00.
- 24. sep. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00-21:00.
- 8. okt. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00-21:00. -
- 22. okt. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00-21:00. -
- 5. nov. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00-21:00. -
- 19. nov. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00-21:00. -
- 3. des. Juleavslutning med masse dans og kaku kl. 19.00 – 22.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar!

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 7. september: FOLKEDANSKVELD med Hallinglaget

Kl. 18:00 : **Minikurs i hallingspringar!**

Instruktør: Ulf-Arne Johannessen. Dansespel: Astrid Garmo frå Lom.

Møt opp! Her lærer du å danse hallingspringar på 1-2-3.

Kl. 19.30: Folkedanskveld med meir dans og moro..

Kurs og dans, vaffel, kaffi/te inkludert til særskild låg pris for studentar lik 100 kr.

Elles 150/200 kr. (For medlemmer. / Ikkje medlemmer).

1. og 2. november: Stort helgekurs i Hallingspringar!

Laurdag og søndag, begge dagar frå kl. 12:00 – 16:00.

Med dei beste instruktørane og dansespel som er å oppdrive denne helga!

Ulf-Arne Johannessen er klar til å instruere med ei særskild dyktig kvinneleg dansar!

Det blir dansespel ved Arne Anderdal frå Hemsedal og Voss! Møt opp!

Her kan du bli ein folkedansar på ei helg! Mange før deg har klart det ...

Pris: kr 500,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!

(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr).

Påmelding! Me jobbar for at det skal bli enno rimelegare for ungdom!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Info. finn ein også på Facebook: Hallinglaget i Oslo

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (482 04 652), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (aasmundfauske@gmail.com)

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), (gstaraldrud@gmail.com)

Dugnadstur Hallingbu 7 juni

Terje, Unni, Heidi og Else

Kva ein får gjort av praktisk og hygge på ein dag; ein litt sjuk leiar og tre driftige damer ☺

Underteikna hadde pressa Terje bittelitt midt i ein sumarforkjøling, men han tok det freskt og opp i skogen bar det med fullstappa sekker av beis, nyvaska sengeklær og godt med proviant.

Oppe på hytta møtte Heidi oss på tunet med vatn på kaffikjelen og inne stod allereie vaskebøtta klar- og det lukta alt friskt av grønsåpe, det gav mot og lyst tel å fortsette☺ fyrst god niste, kaffi og dei beste gommokakur frå Unni, tusen takk ☺ Lista med alle gjeremål kom på bordet, eit par punkt vert raskt fordela til Johnny; glasa som skal kittast og målast, elles vart det mest naudsynt å få vaska hytta til sumarsesongen, og Heidi og Unni tok tak! Ikkje lenge etter alt av madrassar, tepper og ryer, pleidd og sengeklær ut på tunet, der det fekk rista og lufta seg skikkeleg mens jentene heldt på med vaskebøtter inne, trur jammen meg vegger og tak også fekk seg ein omgang, for ein innsats! , og så leiaren da, han som me meinte bere skulle ligge strak ut og bli pleidd med gode ord og varme drikk, han gjekk i gang med diverse oppgåver, titta etter musehol, fekk fjerna gamal kitt på det vesle glaset på uthuset, laga til grunning og etter opplæring frå Johnny malt det opp *før* me tenker å kitte det opp på spikjikkjøtturen uka etter. Sjølv fekk eg vaska ned doen og rydda i uthuset og sagd opp gråna som Michel og Simon hadde felt sist år. Så bar det ned til Ormetjønn med oss alle, Terje i front med greinsaksa fekk rydda veg, som vanleg litt tomning midtvegs, «hvor var no eigentleg den stigen??» og «som det gror att!!» Heidi og Unni fant fram og no skal det blå-merkast på neste tur. Unni og Else fekk seg eit friskt bad i 14 grader, livet leiker☺

Skogbrannfaren tok me på alvor og steika maten i panne inne, Gisela kom på besøk og me hadde eit fint dele på-det-me-har måltid inne, avslutta av Giselas heimelaga sunne dessertkuler og kaffi.

På heimturen sette Unni oss inn i begrepet skogbade, og me bada oss heimover, grønn-skjønt, fuglekvitter og fresk bekkesildring

For ein fin dag og mest fine folk, saman, takk ☺

Else



Dugnadsgjengen på fyrste turen, samt naboen som kom innom for sjå kva som hende! Det er sjeldan folk på Hallingbu, veit de! Frå venstre Heidi, Heidi, Gisela og Else.

På denne turen gjorde kvinnene ein enorm innsats med å rydde, vaske og lufte/riste alt som var av sengeklede i hytta. Noko måtte kastast, noko vart vaska og noko nytt kom på plass. Leiaren i laget var veldig takksam for denne innsatsen. For nokre kvinner som kan jobbe!



Dugnadsgjengen 7. juni, frå venstre Heidi Wie, Unni Johannessen, Else Mohn og Terje.

Spikjikkjøttur 11 juni,

Unni, Elisabeth, Svein, Åsmund, Gro Sissel, Trond og Else

Den årlege Spikjikkjøtturen til Hallingbu i år gjekk utan leiaren, nesten ikkje tel å tru, og du vart sakna Terje!

Likevel vart det ein fin tur i bra vær. I godt driv og godt snakk vandra me vegen opp frå parkeringa på Snippen.

Vel oppe på hytta gjekk nokon i gang med maten mens Unni, Åsmund, Elisabeth og eg ville ned og bade. Som vanleg litt rot rundt stigen, og blåmerka vart han heller ikkje denne gongen.. Vatnet var framleis freskt, men det kjentest varmt og godt å sitte litt og sjå utover Ormetjønn og bort tel Gisela før me fant stigen opp att tel hytta.

Godt med spikjimat ute hadde me, sjølv om underteikna dessverre hadde gløymt både fløyte tel eggerøra og smør tel poteten, men tel kaffien kom det opp ei nydeleg heimelaga kake frå Gro Sissel!

Utover kvelden vandra med ned att, med blommar i hand som gav von av sumar. Samde om at det hadde vore ein fin kveld saman drog med heim, med rikdom å ta vare på i sjela, takk igjen Hallingbu.

Else

Dugnad på Hallingbu 13. august.

Det vart eit par dugnadar på Hallingbu denne sommaren og! Den andre, vart ein evigheit etter fyrste dugnaden som var 7. juni på laurdagen før Spikjikkjøtturen 11. juni. Det er typisk, tida strekk ikkje til, folk er så opptekne om sommaren. Som eg har sagt før: Hallinglaget har ikkje tid til å ta seg av hytte si, som ligg langt frå bilveg og som treng ein god del vedlikehald!

Men denne fine onsdagen kom Johnny Lund og eg uss i gang, ganske tidleg, for å gjera tre viktige ting: Johnny skulle få på andre målarstrøket ute, på det store vindaugget i stugua, som avslutning på den store dugnaden i fjor. Og Terje hadde på betongolje på den store pipa på hytta, på alle fire sidene, slik at vatn ikkje skal trenge inn om vinteren, sjølv om lekkasjane kanskje kjem frå andre kantar? Dette var raskt gjort så det vart tid til kitting av det vesle vindaugget i uthuset. Det var skrapa ferdig og grunna på fyrste dugnaden, men kittinga tok tid, sjølv om glaset er lite, 4 små ruter og 16 små lengder å få kittet på! Ei tolmodsprøve ...

Mest artig på turen, forutan å bli ferdig med stoveglaset, var å helse på Gisela på nabohytta som kom innom på soppturen sin. Ho hadde ein stor pose full. Ho kunne også fortelja at Michel Gascoin var på veg til Hallingbu for overnatting og for å besøke Gisela. Då fekk me også besøk av Michel slik at begge medlemene i Hyttenemnda fekk helst på kvarandre!



Eit triveleg møte på Hallingbu, Johnny og Michel fekk helst på kvarandre på hytta!

Nyhende i laget:



Det var ei stor glede for mor Ane Thingstad og far Åsmund Fauske Jøtun då dei fekk ei nydeleg velskapt dotter 3. september i år!

Alle i Hallinglaget gleder seg og ønsker alt godt til mor, far og barn. Dette er fyrste gong i nyare tid (siste 45 år) at eit barn er født av to som er medlemmer i laget! Det er berre å rope hurra!

Vår særse gode spelemann må få ei par månaders pause før han er tilbake på øvingane. Me antar at dette er ei stor endring i livet til dei nybakte foreldra!

Folk i farta:

Takk til Alix Cordray



***Takk til Alix Cordray som var vore Revisor i Hallinglaget i over 40 år !
Biletet er tatt frå Facebook.***

Det er kolossalt kor fort tida har gått! Hallinglaget har nokre støttespelarar som har hjelpt laget i mange år! I så lang tid at ein har trudd at det skulle vare evig! Men i år valgte Alix å takke for seg, etter 40 år som revisor! Hallinglaget takkar og bukkar for stor hjelp i alle desse åra! Eg hugsar sjølv når eg tok vervet som kasserar at det var så godt å ha ein person som ein kunne støtte seg på!

Elles kunne ein skrive ei bok om Alix som opprinneleg kjem frå USA. Alix har betydd utuleg mykje for folkedansen og gamaldansen i Oslo og Akershus. Og ho heldt oppe den gode kontakten mellom Norge og USA, for ho heldt kurs begge stader. Alix har ei utruleg kjensle for dans, så ho kan halde kurs i utallige dansar. Ho har ei form for klistehjerne når det gjeldt rytme og steg. Alix er også ei stjerne i dataverden, med eige firma og systemer som ho heldt liv i. Nokre får berre ting gjort, Alix er tungt med i Styret i BLS og heldt liv i Nordahl Bruns gate 22 også! Igjen takk til Alix.

Solfrid har gifta seg med Knut



Solfrid Nestegard Gjeldokk gifte seg den 30 august i år med sin kjære Knut Halvorson Kostveit.

Solfrid har vore med i Hallinglaget i mange år og har halde helgekurs i hallingspringar saman med Ulf-Arne.

Begge har vore med på danseøvingar i laget. Hallinglaget gratulerer dei hjarteleg med giftarmålet.

Svein Aasen – Årets Folkedansar 2024



Prisvinnaren Svein Aasen og festivalsjef Rannveig Øygardslia. Foto: Andreas S. Ljones

Svein Aasen frå Rollag i Numedal fekk tildelt prisen «Årets folkedansar 2024» på opninga av Folkemusikkfestivalen DANS DANS DANS på Riksscenen i Oslo i januar i år.

Grunngjevinga for prisen var denne:

Årets folkedansar er eldsjel og entusiast, miljøskapar og tradisjonsbærar.

Prisvinnaren har deltatt på tallause kappleikar i eliteklassa (klasse A) lokalt og nasjonalt, men trivst best i kulissane og på eit virvlande dansegolv.

Årets folkedansar legg kvar veke til rette for og inspirerer ein ny generasjon folkedansarar ved fyrst å organisere danseøvingar og -festar og sidan ved å vere meddanser. Sjølv lærte prisvinnaren å danse på gamlemåten heime i Numedal. Då dansaren kom til Oslo på 60-talet vart han raskt ein del av dansemiljøet i Nordahl Bruns gate og har sidan dansa fast i Bygdelagshuset fleire gonger i veka og vore primus motor mellom anna for Numedalslaget i Oslo.

Prisen som årets folkedansar skal vere eit kvalitetsmerke, men truleg har også prisvinnaren kvantitativt vore den folkedansaren med flest timar på dansegolvet og med flest ulike dansepartnarar i 2024. ***Gratulerer til Svein Aasen!***

Svein Aasen har også dansa fast i Hallinglaget i Oslo i over 20 år! Takk til ham 😊

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2025

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 400,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 220,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Styret håper at mange vil være medlem i Hallinglaget dette året også! ...

Det er berre å betale til kontonummeret nedanfor:

Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Vipps kan også nyttast, **Vipps** kode: **737 811**.

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 12 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Så om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget

Obs: Blir lagt ned denne hausten, pga. tre-dobbel prisauke!

- Kan oppstå att på www.hallinglaget.no ...

SØNDAGSDANSEN I STORSALEN - 2. HALVÅR 2025:

Arrangør/serveringsansvarleg, gruppe/spelemannslag og minikurs

Dato	Serveringsansvarleg / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
September '25		
07.	Hallinglaget / Bærum Spellemannslag	Hallingspringar
14.	Hordaringen / Østerdølenes Spellmannslag	Rørospols
21.	Symra / Att og fram og Symradern	Nordmørspols
28.	Hardinglaget / Kveik	Swing
Oktober '25		
05.	Hardinglaget / Steinsgårdskroken	Swing
12.	Frøy / Farande Fant	Nordmørspols
19.	Hordaringen / Gudbrandsdølenes Spellmannslag	Springleik
26.	Valdreslaget / Eiker Spellemannslag	Valdresspringar
November '25		
02.	BLS Ung? / Flatlusa	???????
09.	Telelaget / De Frilynde	Telespringar
16.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
23.	Numedalslaget / Buskspillrader`n	Numedalsspringar
30.	BUL / Svartskog Spelemannslag	??????
Desember '25		
07.	Folkedansnemnda / Fanteladdene og Farande Fant	Juleavslutning

Fargekode: Grøn skrift betyr at det er avklart/bestemt

Lilla skrift: Ønske frå Folkedansnemnda

Er det noko de lurar på ta kontakt med Svein Aasen på mobil 482 99 981.

Velkommen til søndagsdansen i BLS, Nordahl Brunsgt. 22, Oslo.
søndagar kl. 18.00 – 22.00.

Billett for vaksne kjøpt mellom 17:30 og 19:00 kr. 170.

Billett for vaksne kjøpt etter kl. 19:00 kr. 130.

Studenter uansett når ein kjem kr. 100.

Beste helsing

Folkedansnemnda i BLS

Styret i Hallinglaget 2025-2026

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Åsmund Fauske Jøtun Dalehaugen 8, 0657 Oslo	Tlf.: 938 33 229-mobil E-post: asmundjotun@gmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf.: 480 34 943 – mobil E-post: gstaraldrud@gmail.com
Skrivar:	Unni Johannessen Bilbakken 3, 3570 Ål	Tlf.: 926 84 876 – mobil E-post: unni.johannessen@me.com
Medlemer:	Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf.: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Ingrid Smette Dalbakkveien 8 D, 0682 Oslo	Tlf.: 926 84 876 – mobil E-post: isme@oslomet.no

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo

Tlf.: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Stivivegen 86, 3677 Notodden

Tlf.: 958 79 270
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Johnny Lund.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen

Tlf.: 477 56 565

Revisor: Knut Skrindo

Tlf.: 413 12 790

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no .

Hallingbu



ERB
JR.96